



Fylkesmannen i Vestland

Alver kommune
Havnevegen 41 A
5918 FREKHAUG

Vår dato: 29.06.2020
Vår ref: 2020/9467

Dykkar dato: 09.06.2020
Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale til dispensasjon for oppretting av ny grunneigedom - Alver - 351/36 – Landsvik.

Vi viser til brev frå kommunen datert 09.06.2020 og 10.06.2020. Saka gjeld søknad om dispensasjon for oppretting av ny grunneigedom på 351/36. Slik vi forstår saka vil ein også legge til eit område frå gnr. 351 bnr. 13 til den nye eigedomen.

Området er LNF-formål i kommuneplanen for Meland og ligg i strandsona.

Fylkesmannen sin vurdering

Det står ikkje i klart i søknaden kva den nye eigedomen skal nyttast til. Den nye eigedomen vil ha ein storleik som gjer det naturleg å tenke seg at det er eit ønske om å oppføre ei ny hytte eller eit hus på eigedomen. Ein frådeling kan difor føre til ein forventning om å få byggje på eigedomen. Eigedomen ligg både i LNF-formål og i strandsona.

I 100-metersbeltet langs sjø skal det alltid takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser jf. pbl. § 1.8 fyste ledd. Strandsona skal generelt haldast open og privatisering og nedbygging skal unngåast. Forbodet i § 1-8 andre ledd skal vege tungt. Eventuelle avvik frå dette forbodet skal som hovudregel skje gjennom ordinær planlegging, ikkje som dispensasjon, jf. Ot.prp.nr 32 (2007-08).

Fylkesmannen er negativt til at strandsona vert utbygd dersom det ikkje ligg føre overvekt av samfunnsinteresser som kunne forsvart ei utbygging. Vi kan ikkje sjå at det gjer det i denne saka. Vi minner om at Meland ligg i sone 2 i statlege planretningslinjer for differensiert forvaltninga av strandsona langs sjø, der presset på strandsona er vurdert som stort. I slike områder skal det mye til for å gje dispensasjon.

Deler av området er også definert som innmarksbeite i marklagskart. Vi viser til at det er eit nasjonalt mål og omdisponere så lite dyrka mark som mogleg. Fylkesmannen er difor kritisk til slik omdisponering.



Kommunen må særleg vurdere om tiltaket kan føre til auka privatisering av strandsona og om kommuneplanen som styringsverktøy vert sett til side.

Fylkesmannen rår etter det ovannemnde frå å gje dispensasjon i saka. Vi ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Svein Kornerud
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent